Utropia

Vamp
Siste Stikk
Major Studio

FRITHJOF EIDE FJELDSTAD

16. november 2005 20:12, oppdatert 16. november 2005 20:16

Nok ein vamp

plate Den høgst folkelege gruppa frå Haugesund, Vamp, hadde ein gong i tida ei unik evne til å fornye både seg sjøl og sitt publikum. Plater som *13 humler*, *God morgen søster*, og ikkje minst samlejuvelen *Ei med alt*, står att som milepæler i Noregs musikkhistorie. Deira besetjing og instrumentale mangfald har all sjanse i verda til å kaste frå seg musikk med original bredde og eit bunnsolid lydteppe. Deira nye plate, Siste Stikk, ber med seg svært mange av kvalitetane vi har høyrd før frå Staveland & co, for mange! For fyrste gong har eg putta ei rykande fersk Vamp-plate i cd-spelaren utan å ha verte positivt overraska over innhaldet. Men misforstå meg rett. Det skortar for all del korkje på det musikalske eller det tekstmessige planet, kun på det originale. Vi har vorte så bortskjemde av Vamps kreativitet at når dei prøver å leve opp til sitt namn (vamp tyder akkordrekkje som vert gjenteke etter kvarandre) så er mangelen på fornying irriterende tydeleg. Sangane handlar om det vanlege: det enkle liv og det store hav, og arrangementa har vi stifta kjendskap med for lengst. Alt bunner ned i at om du saknar ei plate med Vamp, så er Siste Stikk eit trygt kjøp, men om du derimot hadde gleda deg til ein ny Vampskapt verd, så foreslår eg heller at du kjøper deg ei flaske vin og nyt *Ei med alt* ein gong til.

Utropia © 2005